

# EIT LYKKELEG SJØLV- MØRD

**I HOVUDROLLA:**  
**PÅL SVERRE VALHEIM HAGEN**  
**AV MOIRA BUFFINI/NIKOLAI ERDMAN**  
**REGI: LASSE KOLSRUD**

Bakgrunnsinformasjon  
Resymé av stykket  
Intervju  
Utdrag frå manus  
Tema  
Oppgaver  
Og mykje meir!



## INTRODUKSJON

- 1) Ein vegvisar inn i framsyninga Side 3
- 2) Kva skjer? Side 4
- 3) Karakterane i *Eit lykkeleg sjølv mord* Side 5

## FORFATTARPRESENTASJON

Dramatikaren: Nikolai Erdman og Sjølv mordet Side 7

## INTERVJU

- 1) Hovudrolla Side 11
- 2) Regissøren Side 14

## ARBEIDSOPPGÅVER

Før framsyning:

- 1) Praktiske oppgåver Side 17

Etter framsyning: Til fordjupning

- 1) Humor, respekt og sensur Side 18
- 2) Humor og sjølv mord Side 18
- 3) Samfunnsforhold og historie s. 18
- 4) Etikk: mellommenneskelege relasjonar s. 19
- 5) Teaterhistorie s. 20

## VEDLEGG

- 1) Tekstutdrag Side 21

## KJELDELISTE





# Ein vegvisar inn i framsyninga

*Eit lykkeleg sjølv mord* hadde planlagd urpremiere i Russland i 1932. Om det var fordi test-publikumet lo for høgt og for mykje, er uvisst, men stykket blei i alle fall stoppa av dei russiske styresmaktene. Forfattaren Nikolai Erdman blei tvangssend til Sibir. Det skulle gå om lag 60 år før stykket fekk premiere i Russland. I 1932 var det ikkje lenge sidan Stalin hadde tatt over makta, og han heldt folket i eit jerngrep. Slik er det heldigvis ikkje i dag. Vi kan le og more oss over stykket, slik dei truleg gjorde i Russland i 1932, sjølv om vi tolkar stykket annleis i dag enn dei gjorde den gongen. Regissøren Lasse Kolsrud viser til vår tids tv-underhaldning. Andres ulykke er vår underhaldning, og det er om å gjere å komme seg opp og fram ved kynisme og utstemming av kandidatar. Hovudpersonen Semjon blir ikkje stemt ut i dette stykket, men det er mange som ønskjer at han skal dø for deira sak. Slik kan dei komme seg opp og fram. Denne kynismen blir sett på spissen i stykket, og det er mellom anna derfor vi ler. Her er mykje situasjonskomikk og underlege situasjonar, men alvorlet ligg heile tida på lur ved sida av. Trass i tittelen er dette blitt ei hylling til kjærleiken og livet.

Med dette skolemateriellet ønskjer vi å gi skolane nokre leietrådar inn i framsyninga. Stoffet kan brukast på ulike måtar: 1) som undervisningshjelp for læraren før og etter framsyninga, 2) som utgangspunkt for å aktivisere elevane før og etter framsyninga og 3) som bakgrunnsinformasjon til generell fordjuping. Her finst mellom anna tekstutdrag, tips til arbeidsoppgåver, aktivitetar og diskusjonar i klasserommet, og intervju med både hovudrolleinnehavar og regissør. Framsyninga og undervisningsmateriellet eignar seg best for elevar i vidaregåande skole.

Vi høyrer gjerne frå lærarar som har brukt skolemateriellet i klasserommet og som har kommentarar til innhaldet. Slik kan vi bli betre til å gjere teateropplevinga rikare. Vi håpar stoffet vil vere til glede og nytte. Godt teaterbesøk!

Med vennleg helsing

Trude K. Arntsen

trude.arntsen@detnorsketeatret.no / 22 47 38 22





Foto: Leif Gabrielsen

## Kva skjer?

Semjon og kona Masja bur i ein open trappeoppgang saman med Serafima, mora til Masja. Dei er fattige og slit med å få endane til å møtast. Semjon er i tillegg arbeidslaus, og det er Masja som må forsørgje dei. I den triste trappeoppgangen har dei lite privatliv. Alle har heile tida innsyn i alt dei gjer. Semjon ser svart på livet og synest det er for gale at kona forsørgjer han. I ein krangel med henne seier han ein kveld at han like gjerne kan ta livet av seg. Da treng ho ikkje slite meir for hans del. Semjon gøymer seg for å få fred, og Masja trur han har gjort alvor av trugsmålet. Sjølvmondsryktet begynner å spreie seg i byen. Semjon blir etter kvart oppsøkt av menneske, som alle meiner at sjølv-mordet hans må grunnast i ei god sak. Dei kan alle tilby han eit ettermæle og ei god sak å døy for. Semjon synest tanken er tiltalende. Men er han klar for å ta det avgjerande skrittet midt i all viraken? Det er jo no livet begynner å svinge?





Foto: Leif Gabrielsen

## Karakterane i «Eit lykkeleg sjølv mord»

**Semjon:** Semjon er ein arbeidslaus og kua ung mann, som bur saman med den hardtarbeidande kona si og mora hennar i ein trappeoppgang, i noko som ein gong var ein herskapsbustad. I den trongbudde oppgangen er privatlivet ope for alle. Når han ein kveld i ein krangel med kona seier at han like gjerne kan ta livet av seg, er ryktet straks spreidd ut over heile byen. Semjon blir oppsøkt av ulike folk som alle vil at han skal døy for deira sak. Med det same han får så mykje merksemd, begynner livet å sjå lysare ut for Semjon, og han nyt å vere midtpunktet for ei stund.

**Masja:** Masja er den unge kona til Semjon, som arbeider hardt for å forsørge mannen, mora og seg sjølv. Ho er tidleg oppe og seint i seng, og har ikkje særleg sans for at Semjon synest så synd på seg sjølv. Ho er blitt sliten, trøytt og tynn i strevet etter å få mat på bordet til den vesle familien.

**Serafima:** Serafima er mora til Masja og svigermora til Semjon. Ho er ikkje akkurat den skarpaste kniven i skuffa, men sans for pengar, det har ho. Serafima har eit pragmatisk syn på tilveret, og nyttar alle sjansar til å skaffe seg litt ekstra inntekt.





**Alexander:** Alexander er naboen som aldri manglar damer. Han forsøker å vere ein god venn i nauda, men rotar det til tider til for Semjon, som ikkje heilt skjønner kvifor han engasjerer seg så sterkt i livet hans.

**Margarita:** Margarita er ei av damene til Alexander. Ho viser seg å vere til god hjelp og svært så nyttig for Masja og Serafima.

**Jegor:** Jegor er ein hardnakka og stillfaren kommunist, som smyg seg opp og ned trappeoppgangen når det er noko på gang der. Når Jegor luskar rundt, får han med seg det meste.

**Aristarkh:** Aristarkh er eit velutdanna medlem av mellomklassen og, ifølgje han sjølv, ein ihuga observatør av proletariatet. Aristarkh representerer, stadig ifølgje han sjølv, Russlands tenkjande menn. Semjons død vil absolutt kunne tene saka hans.

**Kleopatra** er ei romantisk kvinne utan særleg kontakt med røynda. Ho ønskjer at nokon skal elske henne så høgt at dei vil døy av kjærleik til henne. Ho ser seg ut Semjon til denne oppgåva.

**Fader Jelpidij:** Fader Jelpidij er geistleg og from, men har kanskje gitt opp på vegen? Han er hard på flaska. Semjons død kan ifølgje fader Jelpidij vere ei oppvaking for alle fråfalne.

**Viktor:** Viktor er diktar, og han vil også at Semjon skal døy for ei god sak, nemleg den frie kunstnaren si sak.

**Oleg og Stepan:** Oleg og Stepan er agentar i eit gravferdsbyrå.



Foto: Lief Gabrielsen





# Dramatikaren: Nikolai Erdman og Sjølv mordet

TEKST: GUNNAR MANGSET

## Nikolai Erdman – poet og dramatiker



Dramatikaren Nikolai Robertovitsj Erdman blei fødd i Russland i 1902 og døydde i Sovjetunionen i 1970. Nikolai Erdman, ein moskovitt av tysk-baltisk opphav, blei først dregen inn i heimbyens litterære miljø og teatermiljø av bror sin, scenografen Boris Erdman (1899–1960). Nikolai byrja ikkje den kunstnarlege karrieren som dramatiker, men som poet, og det første diktet hans kom ut i 1919. I 1922 følgde *Sjølvporet*, det lengste og mest originale diktet han har skrive. Av dei litterære inspirasjonskjeldene hans bør ein særleg trekkje fram den groteske, satiriske og ukonvensjonelle poesien til Vladimir Majakovskij (1893–1930) og imaginistane, ei bohémørsle leidd av Sergej Jesenin (1895–1925).

### Mandatet

I 1924 kom så det første skodespelet frå Nikolai Erdman, *Mandatet*, og i 1928 kom *Sjølv mordet*, det skodespelet som i ein versjon omarbeidd av den britiske dramatikaren Moira Buffini, blir vist på Det Norske Teatret under tittelen *Eit lykkeleg sjølv mord*. Allereie med den kjende sovjetiske instruktøren Vsevolod Emilevitsj Meyerholds (opphavleg Karl Kasimir Theodor Meyergold) (1874–1940) oppsetjing av *Mandatet*, som hadde premiere på instruktørens eige Meyerhold-teater 20. april 1925, viste Erdmans dramatik seg å innehalde farleg politisk sprengkraft: I dette skodespelet klarer hovudpersonen, Pavlusja Guliasjkin, å overtyde folk rundt seg om at han har fått spesielle fullmakter frå dei sovjetiske styresmaktene, så han nærast kan arrestere halve Russland, noko han underbyggjer ved å vise fram eit dokument som verken manglar gjæve





signaturar eller gilde segl. Alt saman viser seg sjølv sagt til slutt berre å vere løgn og fanteri, og Guliasjkin blir sjølv arrestert av det ekte hemmelege politiet.

*Mandatet* gjer ope narr av det som er igjen av dei overvunne klassene som sat med makta før den russiske revolusjonen i 1917, og det var sånn sett heilt uproblematisk å tolerere for dei nye kommunistiske styresmaktene. Likevel måtte somme av tilskodarane ha forstått den underliggjande kritikken mot sovjetregimet i det dei såg utspele seg på scenen, sidan dei byrja å rope «Ned med byråkratiet!» og «Ned med Stalin!». Dette opptrinnet blei seinare brukt av maktthavarane i landet mot Meyerhold som prov på at han var bunden til høgrekreftene og den trotskistiske<sup>1</sup> opposisjonen.

## Sjølvmordet

I 1928 eller 1929 (kjeldene er her ikkje heilt sikre) følgde Erdman opp med skodespelet *Sjølvmordet*, som heldt fram i same satiriske lei: Hovudpersonen i dette stykket, Semjon Semjonovitsj Podsekalnikov, er ein arbeidslaus ung mann som er frustrert og sint over tilhøva han lever under, ikkje minst dei økonomiske tilhøva. Ein kveld i ein krangel med kona si seier han at han like godt kan ta livet av seg. I den tronge oppgangen dei bur i, der privatlivet er å rekne som eit knapt luksusgode, blir dette raskt snappa opp av grannane hans, og snart kjem den eine etter den andre på døra hos det unge paret for å overtale Semjon til å døy nettopp for deira sak: Ikkje berre representantar for partiet og kyrkja kjem for å gjere den stakkars russaren til sin heilt eigne martyr, men også diktarar, medlemmer av intelligentsiaen og ukjende kvinner som drøymer om at han skal gå i døden for sin brennande elskhug til dei. Mens alt Semjon ville, var å få lov til å leve eit stille og roleg liv.

I dette stykket blei absurde og til dels elleville komiske element (mellom anna vaknar hovudpersonen Semjon lys levande, men stup full, opp frå likkista under si eiga gravferd) blanda med ei underliggjande forbitring mot tilhøva for alminnelege sovjetborgarar i NEP-perioden<sup>2</sup> under det kommunistiske regimet. Til dels inneheld skodespelet òg nokså direkte kritikk av styresmaktene. *Sjølvmordet* var planlagt oppsett i 1932, men til slutt blei regimekritikken





som låg i det for mykje for sensorane, som stoppa oppsetjinga rett før premieren.

## Deportasjon, rehabilitering og vidare karriere

Om Erdman hadde spela eit farleg spel med regimet til no, så hjelpte det ikkje særleg at skodespelaren Kasjalov tankelaust gjenfortalde dei satiriske fablane til Erdman til Stalin under ein fest i Kreml, høgsetet for det sovjetiske maktapparatet. Dramatikaren delte til slutt lagnad med så mange andre som regimet av ein eller annan grunn hadde fått i vrangstrupen, ved å bli deportert til Sibir av styresmaktene i 1935. Eigentleg blei han dømd til tjue års straffearbeid, men han slapp ut igjen allereie i 1938. Begge skodespela til Erdman blei offisielt bannlyste i Sovjetunionen i 1932, og det var først etter at Stalin var død at *Mandatet* blei sett opp igjen. I 1956 tok Sovjetunionens nye leiar, Nikita Sergejevitsj Khrusjtsjov (1894–1971), eit veldig oppgjær med Stalins politikk, og det førde med seg ei viss liberalisering av den sovjetiske kunst- og kulturpolitikken. Dette gav seg mellom anna uttrykk i ei rehabilitering av Erdman og ein del andre kunstnarar som hadde vore forbodne i om lag tretti år. Likevel blei *Sjølvordet* faktisk ikkje oppført før i 1969, og da i Göteborg. Det kulturelle tøvêret Khrusjtsjov innførde, tok dessutan slutt etter den sovjetiske invasjonen av Tsjekkoslovakia i 1968. Allereie før deportasjonen hadde Erdman retta merksemda si over frå teatret til filmkunsten, og etter at han kom tilbake frå Sibir, heldt han hovudsakleg fram som manusforfattar for filmar.

## Erdman, Meyerhold og dei indre spenningane i den sovjetiske kulturpolitikken

Lagnaden til *Sjølvordet* og Nikolai Erdman sjølv og ikkje minst samarbeidet hans med Meyerhold, skriv seg inn i ein større debatt om retninga for sovjetisk teater på 1920- og 1930-talet. Debattantane i aviser, i tidsskrift og på offentlege møte delte seg i to leirar: På den eine sida stod dei som meinte at den realistiske teatertradisjonen var den som høvde best til å lage revolusjonært teater, og her blei Maxim Gorkijs (1868–1936) dramatik og Konstantin Stanislavskijs (1863–1938) scenespråk dregne fram som gode dømme på dette.





Meyerhold blei skulda for påverknad frå borgarleg dekadanse. På den andre sida stod dei som meinte at for å skildre det nye innhaldet i tida, trongst det nye teaterformer. Og Meyerhold stod nettopp for dette, mellom anna sidan han i motsetnad til Stanislavskij ikkje ville vise psykologisk innleving i karakterane på scenen, men i staden bestemte typar. Erdmans skodespel var mellom dei som høvde til denne stilen. Den førstnemnde av desse tendensane fekk gradvis overtaket, og rundt den tida da *Sjølvordet* eigentleg skulle ha blitt sett opp, var det ikkje lenger rom for det meir eksperimentelle sovjetiske teatret, berre det realistiske.

- 
- 1 Omgrepet «trotskistisk» kjem av namnet til den sovjetiske kommunisten og revolusjonsleiaren Lev Davidovitsj Trotskij (fødd Bronstein) (1879-1940), som før revolusjonen og i dei tidlege revolusjonsåra hadde vore alliert med både den fremste leiaren under den russiske revolusjonen, Vladimir Iljitsj Uljanov (1870-1924), meir kjend under namnet Lenin, og ein annan av dei fremste revolusjonsleiarane, Josef Vissarionovitsj Stalin (opphavleg Josef Vissarionovitsj Djugasjvili) (1878-1953). Men da Stalin (som er russisk og tyder «av stål» eller «stålmann») seinare blei Sovjetunionens diktator, rauk han og Trotskij ukklar med kvarandre pga. usemje om i kva for ideologisk lei den revolusjonære rørsla og den unge sovjetstaten no skulle gå vidare. Trotskij blei til slutt utvist frå Sovjetunionen og drog da først til Tyrkia. Seinare reiste han vidare til Frankrike, sidan til Noreg, for endeleg å ende opp i Mexico, der han til slutt blei myrda av ein sovjetisk agent.
  - 2 NEP er ei russisk forkorting for den perioden i sovjetisk politikk da ein førde det som på norsk blei kalla «Ny økonomisk politikk». Denne perioden, som varte frå 1921 til slutten av 1920-talet, erstatta den såkalla krigskommunismen og blei i sin tur avløyst av femårsplanane. Under NEP blei privat næringsverksemd og handel tillaten i ein viss mon, sjølv om staten held fram å eige tungindustrien og finansbransjen.





# Hovudrolla: «Det å ha uendelege val liknar litt på det å ikkje ha val: Vi veit ikkje heilt kva vi skal gjere.»

«Pål Sverre Valheim Hagen blir skildra som ein skodespelar med eit karakteristisk kroppsleg medvit, ein som ikkje endar opp i sjablongar, og ein som er i stand til å vise kva intelligent understatement er. I tillegg er han utrusta med eit andlet som har ei særskild sensitiv utstråling.»

(Margunn Vikingstad i artikkelen *Skodespelaren* i magasinet *det norske*, vinteren 2009.)

TEKST: TRUDE K. ARNTSEN

Foto: Finn Sævi-Hansen



Pål Sverre Valheim Hagen debuterte på teaterscenen i *Bikubesong* i 2003, der Lasse Kolsrud hadde regien. Han har spela i fleire oppsetjingar på Det Norske Teatret og i fleire filmar. I 2007 fekk han Heddaprisen for beste mannlege birolle. Hausten 2008 var han aktuell som drapsdømte Jan Tomas i den kritikarroste filmen *deUSYNLIGE*. No spelar han rolla som den unge, deprimerte Semjon i den russiske komedien *Eit lykkeleg sjølv mord*, også den i regi av Lasse Kolsrud.

*Kvifor blei du skodespelar?*

– Eg har ingen klar tanke om det, men eg opplevde vel at det var noko som var gøy, som eg hadde eit slags talent for. Eg ville byte miljø da eg skulle begynne på vidaregåande skole, så eg søkte dramalinja i Bærum og kom inn der. Der gjekk eg i tre år, til eg var russ i 1999. Dramalinja var ei populær linje den gongen som no, men eg opplevde vel eigentleg aldri at eg var særleg kul, sjølv om eg gjekk der. Det var eit fint revymiljø der.





*Har teatret sjanse til å overleve i underholdningsjungelen?*

– Ja. Det som kan skje på teatret, kan ikkje skje andre stader. Når det først er gøy, er det ingenting som slår det. Det er «live», ikkje opptak. Filmen er på ein måte ferdig når du set deg i kinosalen, men teateret begynner i det publikum kjem inn. Publikum er deltakande på ein heilt spesiell måte. Teatret vil derfor overleve. Det treng kanskje litt hjelp, men det vil gå bra.

*Korleis er det å spele teater for unge menneske framfor det vanlege, vaksne publikummet?*

– Å spele for dei unge kan vere det aller verste, men også det aller kjekkaste. Mange er kanskje ikkje vant til å sjå levande skodespelarar, og oppfører seg som om skodespelaren ikkje er til stades eller i alle fall ikkje kan sjå eller høyre dei. Dei er kanskje ikkje vant til å tenkje at dei som publikum er ein del av framsyninga. Da er det forferdeleg. Når dei unge skjønar at dei er ein del av framsyninga ved å vere der, da er dei eit fantastisk publikum. Heilt uslåeleg.

*Kva slags menneske handlar Eit lykkeleg sjølv mord om?*

– Bebruarane i trappeoppgangen – ja, dei bur i ein trappeoppgang i ein sliten bygård, er fattige og prega av at dei er på botnen av samfunnet. Det er eit



Foto: Leif Gabrielsen





hardt liv. Desse menneska har inga stemme i samfunnet. Dei er offer for omstende som dei ikkje kan påverke eller endre på noko vis. Semjon, som eg speler, er ein av desse. Han er eit ope, emosjonelt menneske som leiter etter ein redningsplanke. Han er lett påverkeleg og resignert, han har gitt opp litt. Han kan finne redninga i ein tuba, før den same tubaen fører til at han gir opp igjen. Semjon skiftar retning heile tida, prøver alt for å løyse problema. Skifta skjer fort og utan forvarsel. Det er absolutt mogleg å identifisere seg med folka her. Det handlar om det vi alle tenkjer på: meininga med vårt eige liv og kva det er vi vil. I vår tid har vi mange moglegheiter som kan gjere det vanskeleg å velje, og vi kan lett bli litt lammas av det. Men det å ikkje ha moglegheiter i det heile, kan føre til nøyaktig den same passiviteten. Det å ha uendelege val liknar litt på det å ikkje ha val; vi veit ikkje heilt kva vi skal gjere. Der er Semjon. Han veit ikkje kva han skal gjere.

*Mange kjenner deg sikkert som drapsdømte Jan Tomas i filmen deUSYNLIGE. Er det særlege utfordringar knytte til å spele ein komisk figur som Semjon, jamført med å spele Jan Tomas?*

– Det er skilnader, ja. Eg jobbar forskjellig frå gong til gong, da det er nye ting å setje seg inn i heile tida. Det heng saman med regissør, medspelarar og karakterar. Det eg alltid gjer, er å finne ein kjerne i det mennesket eg skal vere. Det kan vere ulike ting. Ei av utfordringane ved å spele Semjon er desse bråe skifta hans. Naiviteten hans. Eg må henge med på tankane hans, prøve å skjønne kvifor han handlar som han gjer. Semjon er emosjonell og ustadig. Å balansere dette med dei ressursane han har, er litt av ei utfordring. Semjon er kanskje umoden for alderen? Eller han oppfører seg sånn, i alle fall. I *Eit lykkeleg sjølv-mord* er det heilt klart ei utfordring å finne ei verkelegheit i noko som er tatt heilt ut av proporsjonar. Det er jo det komedie er, at alt blir forstørra.

*Kvifor bør dei unge sjå dette stykket?*

– Vi håpar jo det blir underhaldande og morosamt; på same tid vil vi få fram den alvorlege dimensjonen i det. Mange unge er oppegående og kloke menneske som raskt les situasjonane og kan bedømme kva som er rett og gale. Den evna er unik i ung alder. Nokre spørsmål høyrer til i ein seinare livsfase, men i dette stykket er ikkje det tilfellet. Her handlar det om å finne ut kven ein er og kva ein vil, og kva som har verdi. Trass i tøffe utfordringar kan livet vere noko fint.






# Regissøren: «Vi veit alle noko om kjensla av å sitje i klemma»

Ein samtale med Lasse Kolsrud, regissøren av *Eit lykkeleg sjølv mord*.

AV TRUDE K. ARNTSEN

Foto: Finn Serck-Hansen



Lasse Kolsrud gjekk ut frå skodespelarlinja på Statens Teaterhøgskole i 1986, og har sidan 1996 vore fast tilsett som skodespelar på Det Norske Teatret. Han har i tillegg til roller på teatret også hatt fleire roller på film og tv. Den første dramatiseringa og regijobben han gjorde på Det Norske Teatret, var *Bikubesong* av Frode Grytten, som blei ein kjempesuksess. Mange skoleelevar såg denne framsyninga. For *Bikubesong* fekk han Kritikarprisen og Heddas debutantpris som regissør. Hausten 2008 hadde Kolsrud regi på framsyninga *Løytnanten frå Inishmore*, ein irsk terror-komedie som hausta lovord av publikum og presse. No er han aktuell igjen, denne gongen med russisk politisk satire: *Eit lykkeleg sjølv mord*, basert på Nikolai Erdmans drama frå 1928.

– *Kvifor set du opp dette stykket?*

– Eg synest det er eit morosamt stykke, samtidig som det er ein djup tragedie. Det er ei god kjensle å gå inn i eit alvorleg tema og opne for latteren. Dette stykket er mellom anna ein kritikk av Russland på 20-talet, men eg har ikkje lagt sterk vekt på det. Det interessante her er å ta tak i problemstillingane stykket fokuserer på, denne veldige egoismen og kynismen det ligg i å få eit menneske til å ta livet sitt for andre si skuld. Kor langt er vi villige til å gå for å nå målet? Eg satsar på å vise humor i denne galskapen, gjere det absurde synleg. Vi ler fordi vi kjenner igjen mekanismane i kynismen, og vi ler fordi vi alle veit noko om kjensla av å sitje i klemma.





– Har du møtt desse karakterane nokon gong? Er dette allmenne typar?

– Ja, dei er absolutt til å kjenne igjen, i alle fall er det trekk ved personane som er attkjennande. Semjon, til dømes, er ein fortvila og kjenslevar type som lett kan gi opp. Han er eigentleg ein elskeleg karakter, litt barnleg i veremåten. Svartsynt, lett å overtale, men samstundes med livsgneist når han blir sedd av andre.

– Personane i stykket bur i ein trappeoppgang, ein uvanleg bustad.

*Korleis hamna dei her?*

– Dei er fattige. Dei har ikkje pengar. Dei har fått lov til å bu i denne oppgangen, der folk heile tida går fram og tilbake og trampar inn i privatlivet deira. Alle som vil, har fullt innsyn heile tida. Det er eit vanskeleg liv. Semjon er utan jobb, og kona hans jobbar seg mest i hel for å skaffe pengar til mat. Han har ei svigermor som bur saman med dei og heile tida legg seg opp i livet deira. Dei har ikkje noko privatliv, og ein kan skjønne at Semjon meiner han har ein grunn til å gje opp og gjere det slutt. Det er ikkje noko liv. Det er bare ei eksistensform i eit utstillingsvindaug.

– Det er, som vi skjønner, ein alvorleg undertone i stykket. Korleis balanserer du det morosame med det alvorlege?

– Ein må spele det på ramme alvor. Dette er ein tragedie. Dei har det jo forferdeleg, der i trappeoppgangen. Gjennom alvoret kjem komikken av seg sjølv. Det er absurde situasjonar her som blir synlege midt i alt det fæle. Vi må spele ærleg og ha ei genuin forståing av karakterane i botnen. Skodespelarane bruker seg sjølve og sine erfaringsrammer, sine eigne kjensler. Samtidig er timinga viktig for komedien. Timing og fokus. Her må ein lytte til kvarandre, vere til stades eitt hundre prosent.

– Dette stykket blei stoppa av Stalin på generalprøven i 1932 og blei ikkje vist i Russland før nesten 60 år etter. Kva var sprengstoffet her?

– Latteren. Publikum på generalprøven lo for mykje. Det var farleg. Det at dei våga å vere kritiske til styresmaktene og systemet som eksisterte på den tida, var ikkje bra, sett frå styresmaktene si side. Det var dessutan ei sjølvmondsbølge blant kunstnarar i Russland da, noko styresmaktene kjende som ein trussel. Latter kan vere skummelt. Det kan vere vanskeleg å halde grepet og bli tatt på alvor når ein støtt blir ledd av.





– *Menneska her kjempar for tilveret, alle på sin måte. Korleis får dette overføringsverdi til våre liv?*

– Det å komme seg fram på andres ulykke er ikkje ukjent i vår tid, sant å seie er det den vanlegaste og mest populære måten å lage tv-underhaldning på for tida. Andres ulykke er vår underhaldning. Det er mykje utstemming, snørr og tårer vi får servert og som vi konsumerer som underhaldning. Mennesket bak ser ikkje ut til å vere viktig. Det mest groteske eksemplet er guten som tok livet av seg medan 1400 tilskodarar sat heime ved pc-en og såg på, utan å reagere før det var for seint. Underhaldning? Kynismen er så sterk, og vi kjem heile tida borti det ubehagelege. Det er ubehageleg at så mange vil profitere på Semjon sitt sjølv-mord. Dette stykket treffer eitt eller anna i oss, det rører ved noko kjent og ubehageleg. Så sjølv om vi jobbar med det komiske, er alvoret heile tida der ved sida av. Eit anna aspekt er at vi akkurat no er inne i usikre tider. Dette kan kanskje vere eit bilde på framtida vår? Uvisse i jobbmarknaden, bustadkrise og fattigdom? Vi har lenge levd på ein opptur, utan frykt for framtida. Framover veit vi lite om kva som kan skje. Kanskje Det Norske Teatret vil rase saman ein dag, kanskje nokon flyttar inn i oppgangen her og blir buande? Vi kan ikkje ta nokon ting for gitt.

– *Frå første leseprøve til ferdig framsyning er det ein lang prosess. Fortel om den.*

– Prosessane er alltid ulike. Men eg gjer alltid ein analyse, skaffar meg ein innfallsvinkel og gjer research. Alltid. Eg har også diskusjonar med scenografen på førehand. Så er det i møtet med skodespelarane at ting skjer, karakterane får liv. Vi løyser problema dag for dag, etter kvart som dei måtte oppstå. Prosessen er ei blanding av å følgje analysen og å lytte til skodespelaren. Ein må vere open og ikkje redd for å prøve ut nye idear og variantar. Skodespelaren har med seg sine ting og sin erfaringsbakgrunn, av det kan det bli godt teater. Saman skal vi leike fram eit resultat. I dette stykket er det gode roller. Alle har noko å spele på, alle har noko meir enn berre ein funksjon. Alle har eit mål med det dei gjer. Å kare til seg sjølv er til dømes gjennomgåande for dei fleste karakterane i stykket. Dei driv med det heile tida. Samtidig er dette ei kjærleikshistorie. Sjølv-mordaren Semjon får etter kvart auga opp for kjærleiken til kona, som har lege der heile tida. Livet hans får mening i det han blir sedd. Så dette er også ei hylling til kjærleiken og livet.





# Arbeidsoppgåver:

## Før framsyninga: Praktiske oppgåver

### Førebuande lesing, alle:

Les intervjuet med hovudrolleinnhavaren Pål Sverre Valheim Hagen.

Les intervjuet med regissøren Lasse Kolsrud.

### Gå saman to og to:

Les tekstutdraget frå manus. Tenk gjennom kvar dette kan bli spelt på skolens område, korleis Semjon og Masja er kledde, kva for inntrykk du har av dei. Ver medveten om dei vala du gjer og grunngi dei. Isceneset utdraget eller delar av det. Prøv å lære teksten utanat! Vis for dei andre i gruppa.

### I plenum:

Når alle har vist si iscenesetjing, diskuterer de vala som er gjorde i kvar oppsetjing. Dette er starten på ein komedie. Er det noko komisk i dette utdraget? Korleis kan ein «slå an tonen» her? Korleis trur du det går vidare med Semjon og Masja?

### Individuelt:

*For dei teaterinteresserte:*

Lag ein kort monolog der Semjon eller Masja fortel om korleis han/ho har det i kvardagen, kva han/ho drøymmer om. Framfør monologen.

Ta vare på monologen til etter du har sett framsyninga.

*For dei skriveglade:*

Skriv eit utdrag frå Semjon eller Masjas dagbok. Les for kvarandre i klassen. Ta vare på utdraget til etter du har sett framsyninga.





## Etter framsyninga: Til fordjuping

### Humor, respekt og sensur:

Komedien har gjennom tidene vore brukt til å kritisere eller peike på skilnader i samfunnet og kritisere styresmakter og maktstrukturar. Stalin sensurerte stykket til Erdman mellom anna fordi folk lo for mykje. Styresmaktene skjønte det var mellom anna dei humoren gjekk ut over, og stoppa stykket. Mistar vi respekten når vi ler?

**Sensur i vår tid:** Sjå filmen *Life of Brian* av Monty Python, som blei sensurert og totalforboden av norske styresmakter på grunn av blasfemi da han kom til Noreg i 1979. Etter mange offentlege diskusjonar blei han eitt år seinare vist med attenårsgrense på norske kinoar. Mistar vi respekt for kristendommen etter å ha sett filmen?

Les om filmen her: [www.filmweb.no/kino/article79518.ece](http://www.filmweb.no/kino/article79518.ece)

**Diskusjon rundt sensur, kulturelle uttrykk og ytringsfridom:** Finn du eksempel på kulturelle uttrykk i dag som blir forsøkt stoppa av sensurerande styresmakter? Kva for grunngjeving har dei eventuelt for å bruke sensur?

### Humor og sjølv mord:

Humor og sjølv mord heng vanlegvis ikkje i hop, da det i vårt samfunn knapt finst noko verre enn at folk tek livet av seg. Ein som behandlar temaet med humor og innsikt, er den finske forfattaren Arto Paasilinna. Les den humoristiske og kloke boka *Kollektivt selvmord*, der sjølv morderane dannar ei forening, og ting begynner å skje i samhald med andre... Les om boka på NRK

Kulturnytt: [www.nrk.no/nyheter/kultur/litteratur/1.3360493](http://www.nrk.no/nyheter/kultur/litteratur/1.3360493)

Korleis reagerer vi når nokon blandar det triste med det morosame, som til dømes i denne boka og i framsyninga du har sett?

### Samfunnsforhold og historie:

Les bakgrunnsartikkelen på nettet (eller annan bakgrunns litteratur) om forholda i Russland på den tida: «Den russiske revolusjonens nederlag» (12 s.) av Cris Harman: [www.vorhaug.net/politikk/ist/harman/russiske\\_revolusjonens\\_nederlag/index.html](http://www.vorhaug.net/politikk/ist/harman/russiske_revolusjonens_nederlag/index.html)

Kva fortel dette om årsakene til at stykket blei sensurert på generalprøven?





Finndu døme andre stader i historia der humor har blitt sedd på som farleg og sensurert bort?

### **Etikk: mellommenneskelege relasjonar:**

Alle som kjem til Semjon, meiner dei har ei god sak han kan døy for. Er ei god sak alltid ei god sak? Finst det noko universelt som kjenneteiknar ei god sak? Kor langt kan ein forsvarer å dra vekslar på andre for å tene det ein meiner er ei god sak?

Semjon kjenner seg usynleg i det daglegdagse, men kviknar til når han får så mykje merksemd frå dei med ei god sak. Han skjønner at han kan vere viktig, han også. Kva fortel dette om korleis han oppfattar verda og si eiga rolle? Kva fortel det om kva det vil seie å kjenne seg verdsett? Kva kan vi gjere for å få kvarandre til å kjenne oss verdsette?

### **Hurtigskrivning (individuell eller i plenum):**

- Skriv ned fem ting det er verdt å leve for.
- Skriv ned fem ting det er verdt å le av.
- Skriv ned fem ting det er verdt å ta vare på.
- Skriv ned fem ting det er verdt å gjere for kvarandre.

**Til diskusjon/essay:** Les intervjuet med regissøren Lasse Kolsrud igjen. Han seier at ein av dei mest populære måtane å lage underhaldning på i vår tid, er ved å la andres nederlag vere vår underhaldning. Han peiker på ein kynisme i denne måten å la seg underhalde på, og nemner episoden der ein ung gut døyde for ope kamera. Korleis er det mogleg å ta livet av seg med 1400 tilskodarar, utan at nokon reagerer? Diskuter i klassen eller skriv eit essay rundt temaet.

### **Monolog/dagbok**

Ta fram igjen monologen eller dagboksnotatet du skreiv før du så framsyninga og før du las bakgrunnsartikkelen til Chris Harman (eller anna materiale om Russland i tida etter revolusjonen). Du har no ei djupare forståing av forholda rundt Semjon og Masjas liv. Med den kunnskapen du no har, skal du utvide og forbetre den teksten/monologen du laga tidlegare. Framfør på nytt. Diskuter endringane i klassen/gruppa.



**Teaterhistorie:**

(teaterkunnskap Vg 3)

Les artikkelen *Dramatikaren: Nikolai Erdman og Sjølvordet* av Gunnar Mangset.

**Oppgåve 1:**

Par eller individuelt.

Finn ut så mykje du kan om Meyerholdt, som skulle iscenesetje Nikolai Erdmans *Sjølvordet*. Finn ut så mykje du kan om Stanislavskij. Dette er sentrale personar i teaterhistoria, kvar på sin måte. Kva har dei hatt å seie for vår vestlege moderne teaterhistorie?

Presenter for dei andre i klassen.

**Oppgåve 2:**

Gruppearbeid:

Finst det fleire eksempel på at styresmaktene i Europa i nyare tid (frå 1920 til i dag) sensurerer kulturelle uttrykk som teater?

Presenter og diskuter i klassen/gruppa.

**360° teater**

Det Norske Teatret har som mål at eit teaterbesøk skal vere meir enn ei framsyning. Gjennom ulike skoleaktivitetar ønskjer vi at kvar elev skal få maksimalt utbytte av eit teaterbesøk hos oss, både av opplevingar, kunnskap og auka interesse. Kvar sesong set vi fokus på eit utval stykke på repertoaret og tilrettelegg for aktivitetar, fordjuping og deltaking retta spesielt mot skolegrupper. Vi tilbyr også omvisning på teatret for elevar. Under tittelen 360° teater samlar vi alle dei forskjellige skoleaktivitetane.  
[www.detnorsketeatret.no/undervisning](http://www.detnorsketeatret.no/undervisning)





## Tekstutdrag:

Første akt

*I mørkret høyrer vi:*

SEMJON

Masja

Masja

Søv du?

*Eit heftig innpust frå Masja i det ho byrjar å vakne.*

MASJA

Hæ?

SEMJON

Shhhh det er berre eg

Unnskyld, unnskyld

MASJA

Semjon

SEMJON

Masja

Har vi noko mat igjen?

Eg må ha litt blodpølse

MASJA

Kva?

SEMJON

Åt vi opp all blodpølsa?

MASJA

Vekker du meg





Midt på natta  
For det?

SEMJON  
Eg berre spurde –

MASJA  
Har du ikkje bein å gå på?

SEMJON  
Det er kaldt. Eg tenkte at om du hugsar det  
slapp eg å gå forgjeves

MASJA  
Korleis kunne du?

SEMJON  
Masja

MASJA  
Du vågar ikkje vekke meg igjen

*Ho snur seg frå han. Han sukker.*

SEMJON  
Eg skal ikkje

MASJA  
Du tar livet av meg med den blodpølsa, Semjon. Eg fleipar ikkje; eg er heilt  
øydelt. Eg står opp klokka fem i det iskalde mørkret. Eg jobbar frå klokka  
seks kvar dag i time etter time etter time; eit tankelammande, beinhardt slit  
– og når eg endelig stuper til sengs, i ørska, kva gjer du? Du vekker meg for å  
prate om blodpølse

SEMJON  
Er det noko igjen?





MASJA

Ja, ja det er det

Ja, vi har blodpølse

Fordi du ikkje åt ho til kvelds

SEMJON

Ikkje ta den, Masja / Eg held ikkje ut kjeftinga di

MASJA

Kvifor åt du ikkje da ho låg framfor deg?

Mor mi og eg står på hue for å få sett mat på bordet

SEMJON

De gjer det for å audmjuke meg! Er det rart eg ikkje kan ete. Eg er ein parasitt. Eg er ein blodsugar. Eg har ikkje arbeid; eg skaffar ikkje pengar til huset – og eg et opp familien sine ressursar. De lesser på tallerkenen min for å gni det inn / for å nedverdige meg –

MASJA

Ikkje ta den, Semjon / eg held ikkje ut sjølvynkinga di

SEMJON

Den maten er som oske i munnen på meg. Og midt på natta når eg ligg i senga og svelt i hel – krossfestar du meg med blodpølse

MASJA

Eg krossfestar deg med blodpølse?

SEMJON

På din måte, ja

MASJA

Unnskyld, da. (Ho står opp av senga) Ingen skal få seie at eg krossfesta mannen min med blodpølse. No går eg og hentar ein bit til deg. Et til du sprekk. La meg forsyne deg, Semjon





*Masja tenner eit talglys. Dei unge, opne trekka hennar ville sett fine ut om dei hadde fått meir mat og svevn. Nattkjolen hennar kunne halde ein polarstorm ute.*

SEMJON

Ser du ikkje kva du gjer mot meg?

*Masja held talglyset mot det plaga andletet hans. Han er også ung, tjuesju. Håret hans er i bustar; han er raudsprengd av stress. Auga hans syner at han er svært kjenslevar. Masja trekker talglyset vekk. No lyser det henne opp.*

MASJA

Gud i himmelen, dette er ikkje noko liv.  
Men, kva kan ein gjere?

*Ho går ut. Semjon tenner eit talglys ved senga.*

SEMJON

Ikkje noko liv  
Ikkje noko liv

*Han får ein glimt av spegelbiletet sitt. Det verkar fråstøytande. Han snur seg vekk frå spegelen.*

Eg er ein makk, ikkje ein mann

Tekstutdraget er gjort med samtykke frå Colombine Teaterförlag.



**Tilrettelagt av**

Trude K. Arntsen, Det Norske Teatret  
Pedagogisk ansvarleg/formidling  
undervisning@detnorsketeatret@no tlf.: 22473822

**Kjeldeliste**

Braun, Edward (red.)/Meyerhold, Vsevolod: *Meyerhold on Theatre*. Hill and Wang, New York 1969.  
Kortner, Olaf; Munthe, Preben; Tveterås, Egil (hovudredaktørar): Ashehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon. Bind 4 (Dik-Fib). Kunnskapsforlaget, Oslo 1992.  
Presentasjonen av oppsetjinga *Eit lykkeleg sjølv mord* på Det Norske Teatrets heimesider:  
[www.detnorske.no/netuser/repertoire/presentation.asp?pid=314](http://www.detnorske.no/netuser/repertoire/presentation.asp?pid=314)  
Programmet til *Stakkars helt*, Det Norske Teatrets oppsetjing av Sjølv mordet i 1984, under instruksjon av Arne Thomas Olsen.  
Segel, Harold B.: *Twentieth-Century Russian Drama. From Gorky to the Present*. Columbia University Press, New York 1979.  
Slonim, Marc: *Russian Theater. From the Empire to the Soviets*. Collier Books, New York 1962.

**Takk til**

Lasse Kolsrud, Pål Sverre Valheim Hagen, Margunn Vikingstad og Arne Torp

**Design**

Concorde Design

**Det Norske Teatret skal vere**

- eit teater som er i kontinuerleg og aktiv dialog med skolane
- ei serviceinnstilt og levande kunnskapsbedrift som kombinerer fagleg gode verktøy med levande formidling av teatrets og repertoarets eigenart

Kontakt oss om du ønskjer meir informasjon om 360° teater og dei skoleretta aktivitetane våre. Send ein epost til [undervisning@detnorsketeatret.no](mailto:undervisning@detnorsketeatret.no)/tlf. 22 47 38 22